



Myklandstølen er framleis i bruk.



Fellesfjøs på Myklandstølen.



Myklandstølen sett ovanfrå.



'Myklandstølen' ved Blomskredvatnet.

Myklandsstøylen

Stølen ligg i Myklandsdalen ca. 380 m o.h. Den er for brukarane på Mykland, gard nr.119, Rygg, gard nr.120, Kandal indre, gard nr.121 og Kandal midtre, gard nr. 122. Det er ein god beitedal for småfe, men, som biletet viser, svært rasutsett frå begge sidene. Derfor måtte stølen leggast på det sikraste området, og det var så å seia i elva. Kring 1940 vart her gjort eit stort elveforbyggingsarbeid for å sikre stølen. I dag er Myklandsstøylen ein travel og moderne geitestøl i full bruk. Dei har delvis gått saman i fellesfjøs for å dele på arbeidet.

Tilkomst

Ein viktig grunn til at stølen er i full bruk er at dei fekk opparbeidd veg kring 1940. Dermed kunne dei køyre mjølka heim og til meieri. No vert mjølka henta av tankbil. Men vegen, på same måten som stølen, er utsett for flaum og snøskred. Om våren må dei ofte gjøre store reparasjonsarbeid. Bygdefolk og turistar tek seg ofte tur til stølen. Den 3 km lange bilvegen er bomveg.

Bruk av stølen

Denne delen av bygda, som no har spesialisert seg på geit og sau, har tidlegare også hatt mykje storfe. Magni Nygard opplyser at dei har hatt ca 300 geit og 40-50 kyr i tillegg til kalv på stølen. Dei tok og inn geiter frå forsøksstasjonane, som fekk gå på beite her om sommaren. Desse geitene vart kalla stasjonsgeiter.

Ho fortel at kveldane var korte, men litt handarbeid fekk dei då tid til sjølv om dei måtte tidleg til sengs. Opp måtte dei i fire-halvfem tida om morgonen. I helgane låg dei på stølen og mange kom på besøk. Ei helg i året kom alle ungdomane frå bygda og då vart det dans på vollen. Det hende seg at budeiene gjekk over fjellet til Helgheimkyrkja. Turen tok tre timer kvar veg - sprek ungdom! Dei reiste til støls 21. juli og heim att den 25. august.

Bygdaboka seier: "Spør vi så om støl og stølsdrift, er mangt særskilt her i høve til bygda elles. Motsett mest alle stølar i Breim, er denne stølen framleis i full drift, med moderniserte hus



- 1: Fjøs, Mykland, bnr 1
- 2: Fjøs, Mykland, bnr 2
- 3: Sel, Mykland, bnr 1 og 2
- 4: Fjøs, Mykland, bnr 3
- 5: Sel, Mykland, bnr 3
- 6: Sel, Rygg, bnr 3
- 7: Fjøs, Rygg, bnr 3
- 8: Sel, Rygg, bnr 4
- 9: Fjøs, Rygg, bnr 3 og 4
- 10: Sel, Rygg, bnr 2
- 11: Fjøs, Mykland, bnr 2
- 12: Sel, Kandal indre, bnr 1
- 13: Fjøs, Kandal indre, bnr 1
- 14: Sel, Kandal indre, bnr 2
- 15: Fjøs, Kandal indre, bnr 2
- 16: Sel, Kandal midtre, bnr 1
- 17: Fjøs, Kandal midtre, bnr 1
- 18: Sel, Kandal midtre, bnr 2
- 19: Fjøs, Kandal midtre, bnr 2
- 20: Sel, Rygg, bnr 1
- 21: Fjøs, Rygg, bnr 1
- 22: Sel, Kandal indre, bnr 3
- 23: Fjøs, Kandal indre, bnr 3

og utstyr. Stølen var den første i Breim som fekk bilveg heilt inn, unntake stølane i Våtedalen. Stølsanlegget tel svært mange hus (sjå bileta). Kandalgrenda har i det heile vore pionerar og synt uvanleg framsyn ved å utnytte naturressursane i fjellbeita, og ikkje minst med tanke på meieri alt frå 1895 og kvalifisert opplæring i foredling. På den store Myklandsstøylen har tre brukarar i grenda slege seg saman om fellesfjøs med plass til 200 geiter. Dette er rekna som ein av dei mest moderne geitefjøsane i landet. Her går mjølka direkte på mjølketank."

Fleire stølar har vore på "flyttefot" før den noverande stølen vart einaste stølen for dei fire gardane. På Kulturnett Sogn og Fjordane (Internett), er innlagt ei stølsliste frå 1930 åra. Her finn vi:

'Gamle Ryggjastølen', som låg 1 km nedanfor noverande støl før den vart teken av ei vassdemme og måtte flytte.

Myklandstølen "opmed Blomskredvatna" ligg ca. 780 m o.h. og var brukt som vårstøl for Mykland endå så høgt han låg. Nedlagt i siste halvpart av 1800-talet. Den ligg tufter etter fleire fjøs og sel. Eit sel er sett i stand og ei gjetarhytte flytta opp med helikopter.

'Gamle Kandalstølen' er truleg den same som Geitemyrstøylen og ligg i ei høgd på ca 700 m o.h. Den hørde til Kandal midtre. Nedlagd for lenge, lenge sidan. Det heiter seg at retten til å hamne krøtera i Myklandsdalen fekk dei i faddergåve.

Nokre fakta

Mykland, gard nr. 119, hadde 2 bruk i 1890. Rygg, gard nr. 120, hadde dette året 3 bruk. Kandal indre, gard nr. 121, hadde 3 bruk i 1890, medan Kandal midtre, gard nr. 122, hadde 2 bruk

Artikkelenummer:
[STOL1445116](#)

Forfattar og datering:
Torgny Ueland, 1999.

Prenta kjelder:

Sandal, Per: *Soga om Gloppen og Breim. Gardar og ætter.* Band 5. (Upublisert, november 2000).

Litteratur:

Råd, Kjell: *Støylar i Gimrestad og Hyen sokn.* Breim 1999.

Råd, Kjell: *Støylar i Breim.* Breim 1997.

Tvinnereim, Jon: *Seterdrift i Nordfjord.* Volda 1997.

Sundt, Helge Arnljot: *Hovudoppgave i geografi: Stølstun i Gloppen.* 1941.

Isachsen, Fridtjov: *Seter-landsbyer i Nordfjord.* Norsk Geografisk Tidsskrift, bind VIII, hefte 3, 1940.

Grude, J.: *Stølsdriften paa Vestlandet.* Stavanger 1891.

Reinton, Lars: *Sæterbruket i Noreg.* 3 band. Oslo 1955-1961.

Tilleggsinformasjon:

Me ynskjer kommentarar til artikkelen. Har du utfyllande opplysningar?

Kjenner du til andre fotografi?

Send oss ein epost: postmottak.sffarkiv@sf-f.kommune.no
same året.



God grasvekst på stølen, med slått ein gong om året.



Marta Naess på stølen med geiteflokkene.



Stølsmeieriet er restaurert.



Geit og folk på stølen, med gamlemeieriet bak.



Avmerkt på kartet etter gards- og bruksnummer.

Ytre Kandalsstøylen / Nesstøylen

Denne stølen ligg opp for Kandal ytre og Nes der eit dalstrokk går mot nord til Dalevatnet og Ryssdalsstøylen og eit dalstrokk går mot sør, Sørsendalen. Høgdenivå er ca. 490 m o.h. Stølseigarane er Skarstein, gard nr.123, Kandal ytre, gard nr.124 og Nes, gard nr.125.

Kandal først

Det ser ut som Kandal ytre var dei som hadde støl her først. Gamle Nesstøylen låg på Langeranten kring ein km lenger sør (stølstufter). Dette går også fram av ei stølsliste frå 1930 som ligg på Kulturnett Sogn og Fjordane. Der er også nemnt at denne stølen er nedlagd for uminnelege tider sidan. Skarstein skal ha hatt sin støl på andre sida av elva i høve til noverande. Alle er no samla på Ytre Kandal-/Nesstøylen. Beitet vart delt i 1905. Truleg vart stølen utskifta med teig til kvart bruk samstundes der dei og har kvar sine sel og fjøs.

Tilkomst

I eldre tider måtte dei frakte alt på ryggen eller i beste fall med hest. Men alt før 1900 fekk dei til meieri på stølen. Etter kvart fekk dei til så pass veg at dei kom fram med hest og kjerre. Det var vanskeleg i dette bratte fjellet med den store elva frådande ved sida av. I seinare tid er det arbeidd opp 3 km bratt bilveg til stølen, bomveg.

Bruk av stølen

Det var ei noko rar utvikling med mykje storfe og ikkje geit på 1800-talet, når vi veit at i dag vert all mjølk produsert på geit. I tillegg har dei sau.

Fra Breimsvatnet og opp til stølen er det elva som deler mellom Nes i nord og Kandal ytre i sør. I 1905 vart beiteområda i stølsområdet utdelt slik at dette passa saman. Kandal ytre fekk Sørsendalen og Øykjeheia. Nes nordover mot Dalevatnet og Ryssdal. Skarstein har beiterett for kyr på Nesbeita og for små og hest på Kandal ytre sitt beiteområde.

Innmarka er lita på gardane i Kandal. Dei heller store stølskviene her gav difor eit verdifullt tilskot til vinterføret. I seinare tid har

dei tre brukarane på Kandal ytre i tillegg dyrka opp kring 20 dekar lettdriven jord på sørsida av stølen. Graset vert i dag ensilert.

Alt før århundreskiftet var det så stor mjølkeproduksjon at dei fekk seg meieri både på stølen og nede på Kandal. Dei dreiv ikkje berre med ysting av geitost, men hadde og skule for vordande meiersker. Det som var viktig var å få til eit kvalitetsprodukt. Difor fekk dei dugande lærarar frå Gudbrandsdalen. Der hadde dei fått til den no velkjende Gudbrandsdalsosten med å tilsetje fløyte under ysteprosessen.

Meieriet på stølen låg først på "Bakken". Kring 1907 vart det flytta ned til elva der det vart drive med vasskraft. Dette meieriet har motiverte grunneigarar i dag restaurert og har tenkt å bruke det i samanheng med reiselivsnæring. Dei fleste brukarane har geitene nærmere heimeområda i dag og mjølkar i gardfjøsane om sommaren. Då er det enklare både med mjølkning og leveranse. Men eitt bruk på Nes og eitt på Skarstein held til på stølen med geitene enno.

Nokre fakta

Skarstein, gard nr. 123, Breim sokn, hadde to bruk i 1890. Kandal ytre, gard nr. 124, hadde tre bruk dette året. Nes, gard nr. 125, hadde to bruk i 1890.

Artikkelenummer:
[STOL1445119](#)

Forfattar og datering:
Torgny Ueland, 1999.

Prenta kjelder:
Sandal, Per: *Soga om Gloppen og Breim. Gardar og ætter.* Band 5.
(Upublisert, november 2000).

Litteratur:
Råd, Kjell: *Støylar i Gimmedstad og Hyen sokn.* Breim 1999.
Råd, Kjell: *Støylar i Breim.* Breim 1997.
Tvinnereim, Jon: *Seterdrift i Nordfjord.* Volda 1997.
Sundt, Helge Arnljot: *Hovudoppgave i geografi: Stølstun i Gloppen.* 1941.
Isachsen, Fridtjov: *Seter-landsbyer i Nordfjord.* Norsk Geografisk Tidsskrift,
bind VIII, hefte 3, 1940.
Grude, J.: *Stølsdriften paa Vestlandet.* Stavanger 1891.
Reinton, Lars: *Sæterbruket i Noreg.* 3 band. Oslo 1955-1961.

Tilleggsinformasjon:
Me ynskjer kommentarar til artikkelen. Har du utfyllande opplysningar?
Kjenner du til andre fotograf?
Send oss ein epost: postmottak.sffarkiv@sf-f.kommune.no



Slått på stølen.



Heim med høy frå Ryssdalsstølen ein vinterdag.



Eldre sel på Ryssdalsstølen.



Ryssdalsstølen.

Ryssdalsstølen

Ryssdalsstølen (sommarstøl) ligg ca. 515 m o.h. på ein vid og open graskledd bakke i enden av stølsdalen. Garden Ryssdal (gnr. 1) nyttar stølen. Stølen vart nedlagd tidleg i 1960-åra. Dei fleste husa på stølen ligg innanfor inngjerda stølskvie. Her er 5 godt vedlikehaldne sel, delvis nye/påbygd. Eitt fjøs er bra i stand i tillegg til nokre uthus. Fleire hustufter viser at stølen hadde mange hus tidlegare. Eit stykke ovanfor stølen ligg 2 hytter frå 1948.

Tilkomst

Tidlegare var her nokså tung rås, køyrbar med höyslede, opp til stølen. I dag har det kome ca 0,5 km skogsbilveg + ca 2 km skogstraktorveg. Stølseigarane har forlenga denne opp til stølen. Merka turløype til Ryssdalshorn går gjennom stølen.

Bruk av stølen


Om stølsdrifta vert det fortalt at kyrne beitte i heimemarka til kring 10.-15. juli. Dyra var på vårstølen vår og haust. Deretter på sommarstølen til ut i september.

Dei siste vekene vart dei innbundne og mjølka på vårstølen, som var så nær tuna at her visstnok ikkje var sel. Budeiene gjekk heim morgen og kveld.

Ved slått og innhausting av vinterfor, har Ryssdalsstølen alltid vore viktig. I Bygdeboka står det: "Gjennom tidene har garden henta storparten av høyet frå stølen og utmarksslætten. Det vert såleis fortalt at 2 karar og 2 kvinner frå kvart av bruken heldt til på stølen og slo i fire veker kvar sommar. Så å seia alle stader der det vaks gras kring Ryssdalshornet, i Stølsberget og inn gjennom dalen vart det slege. Ikkje berre av brukarar og plassmenn i Ryssdal, men også av plassmenn frå Eide, Søreide og delvis Mardal. Teigane fekk ofte namn etter dei som slo: "Kristen-Rasmusslettene", "Ivarslettene" o.fl."

Grunnen til at det var bygd så store sel på Ryssdalsstølen er truleg at så mange trøng innhysing under slåtten. Det kunne vere eit "yrande liv" med 20-30 menneske i alt.

Nokre fakta



Sel (gnr-bnr):

1: (1-1), 3: (1-2), 6: (1-3), 8: (1-5), 9: (1-6), 11: (1-7)

Fjos/uthus (gnr-bnr):

4: (1-2), 7: (1-3), 10: (1-6)

Hustufter (gnr-bnr):

2: (1-4, fjøs) 5: (1-2, sauefjøs)

Ryssdal, gard nr. 1, Gloppe prestegjeld, hadde to bruk i 1890, tre bruk i 1935. I 1900 finn vi i alt 48 personar på garden.

Artikkelenummer:
[STOL1445001](#)

Forfattar og datering:
Torgny Ueland, 1999.

Prenta kjelder:
Sandal, Per: *Soga om Gloppe og Breim. Gardar og ætter.* Band 3, side 1.
Sandane 1988.

Litteratur:
Råd, Kjell: *Støylar i Gimrestad og Hyen sokn.* Breim 1999.
Råd, Kjell: *Støylar i Breim.* Breim 1997.
Tvinnereim, Jon: *Seterdrift i Nordfjord.* Volda 1997.
Isachsen, Fridtjov: *Seter-landsbyer i Nordfjord.* Norsk Geografisk Tidsskrift, bind VIII, hefte 3, 1940.
Grude, J.: *Stølsdriften paa Vestlandet.* Stavanger 1891.
Reinton, Lars: *Sæterbruket i Noreg.* 3 band. Oslo 1955-1961.

Tilleggsinformasjon:
Me ynskjer kommentarar til artikkelen. Har du utfyllande opplysningar?
Kjenner du til andre fotografi?
Send oss ein epost: postmottak.sffarkiv@sf-f.kommune.no



Øvre del av Årdalstølen.



Oversikt over Årdalstølen med beitemark.



Nedre del av Årdalstølen.



Danseplassen ligg over stølen.

Årdalsstøylen

Stølen ligg opp for Årdalgrenda i ei høgd på ca. 630 m o.h. Den hører til gardane Frøystad, gard nr 116, Bogstad, gard nr 117 og Årdal, gard nr 118. Dette er ein stor og romsleg graskledd støl der fjøs og sel er plassert saman for kvart bruk og kvar gard ligg i ei gruppe. Her er 15 sel i god stand og 11 fjøs i nokså bra stand.

Tilkomst

I 1982 vart det bygt ei høgspentlinje over området. Då vart det og bygt ein vel 2 km veg opp til stølen og grunneigarane har vedlikehaldet. No er dette ein bomveg, og frå stølen er merka turløype. Før den tid vart alt frakta på rygg, med reiing (kløvjing)



Avmerkt på kartet er sel og fjøs med gard- og bruksnummer.

åra. Skulle dei ferdast over land, måtte det bli over stølsområda. På kart over Bergenshus Amt er rås/sti avmerka frå Årdal, går via Årdalsstøylen og til Seimsstøylen der den deler seg i to (til Seime og Råd/Bø i Breimsbygda).

Bruk av stølen

Asbjørn Årdal laga i 1969 ei utgreiing og stølen og drifta. Nedanfor er teke med ein del.

"Ein lyt tru at der har vore ei eller annan form for stølsdrift så lenge det har vore buande folk i Årdalen. I Nordfjord tingbok frå 1735 er nemnt ordet "seterveien" for Årdal. Det tilseier at då var her stølsdrift. David Frøystad fødd 1869 laga ei skisse over slik stølen var kring 1870-80-åra. Han fortel: Sela var timbra og utan glas. Senga stod alltid ved døra. På den andre sida var oppmura ein røykomm der røyken gjekk ut gjennom ljoren i mønet. På ljoren var ei moneforma treråme trekt med tunt skinn av kalvemage. Med ei stong kunne du lata ljoren opp og att. På kvar tverrvegg var to firkanta stokkar til å setje mjølkeaskane på. Stokkane tente og som sittebenk og til dels som bord. Seinare kom det små glas i sela og golv. Sela hadde alltid eit utesel med enkel bordkledning til veggene.

Årdal hadde både kyr og geiter på stølen, medan dei på Frøystad og Bogstad berre hadde kyrne til fjells. Dei hadde geitene på gardstølane etter jonsok og dei trekte då opp på fjellet for å beite. Om våren hadde dei geitene i Stranda (ved Breimsvatnet). Den vanlege tida å flytta til støls var kring jonsok. Årdalskyrne beita som regel framover fjellet mot Nigardsvatnet og nedover mot fjellgarden som var lagt opp i skogavakse av vandegard (risgard). Frøystadskyrne beita innover mot Botnavatnet og mot Eggdedalen. Alle brukarane hadde slåttekvie på fjellet som dei slo dei første dagane i august. Høyet vart lagra på fjøshjellen og det kunne bli 2 - 4 vinterlass retteleg fint smalehøy. Dei brukte i grunnen stølen lenge her. Dei siste brukarane slutta i 1967."

Stølen var også viktig til å vere på når dei fine fiskerike vatna og elvane skulle utnyttast. Her er og store jaktvidder. Dette er sjølv sagt like viktig i dag som det var under naturalhushaldet si tid. Folk reiser gjerne på turar til Årdalsstøylen, ikkje minst når tilkomsten er så lett. Naturen er storfelt og fin. Du kan få fine turar både i dei lågare fjellområda og på fleire fjelltoppar. Her er og råd å finne mykje bær.

Nokre fakta

Frøystad, gard nr. 116, hadde 5 bruk i 1890. Bogstad, gard nr. 117, hadde og 5 bruk dette året. Årdal, gard nr. 118, hadde 6 bruk i 1890.

Artikkelenummer:
[STOL1445115](#)

Prenta kjelder:

Sandal, Per: *Soga om Gloppe og Breim. Gardar og ætter. Band 5.* (Upublisert, november 2000).

Uprenta kjelder:
Torgny Ueland, 1999.

Litteratur:

Råd, Kjell: *Støylar i Gimlestad og Hyen sokn. Breim 1999.*

Råd, Kjell: *Støylar i Breim. Breim 1997.*

Tvinnereim, Jon: *Seterdrift i Nordfjord. Volda 1997.*

Sundt, Helge Arnljot: *Hovudoppgave i geografi: Stølstun i Gloppe. 1941.*

Isachsen, Fridtjov: *Seter-landsbyer i Nordfjord*. Norsk Geografisk Tidsskrift, bind VIII, hefte 3, 1940.
Grude, J.: *Stølsdriften paa Vestlandet*. Stavanger 1891.
Reinton, Lars: *Sæterbruket i Noreg*. 3 band. Oslo 1955-1961.

Tilleggsinformasjon:

Me ynskjer kommentarar til artikkelen. Har du utfyllande opplysningar?
Kjenner du til andre fotografi?
Send oss epost: postmottak.sffarkiv@sf-f.kommune.no